



Askøy kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Alver kommune

Svein Kornerud, 5557 2027

Kommunedelplan Sambandet Vest - oppstart av planarbeid og planprogram – tilrådingar til Askøy og Alver kommunar

Vi sender dette brevet som eit likelydande brev til både Askøy og Alver kommunar. Det gjeld varsel om oppstart med planprogram for prosjektet Sambandet Vest som kommunedelplanar i begge kommunane.

Handsaming av varsel om oppstart av kommunedelplanen og planprogrammet i Askøy kommune
Askøy kommune har i e-post av 09.03.2020 bedt om råd om varslinga, då varslinga på kommunen si nettside berre låg der i tre veker i staden for dei sju vekene som var merknadsfristen for kommunedelplanen.

Vi gjer merksam på at det er kommunane som planmynde som har ansvaret for riktig varsling og høyring av planer. Fylkesmannen kan berre gi råd. Og sjølv i saker der vi har gitt råd og rettleiing, kan vi seinare ta stilling til om prosessen har vore riktig og t.d. vurdere om den er gyldig.

Plan- og bygningslova fastset at oppstart av planarbeid skal kunngjeraast både gjennom minst ei avis og gjennom elektroniske media, jf. lova § 11-12 andre ledd siste setning. Fylkesmannen ser det som viktig at planar og planoppstart blir kunngjort elektronisk på kommunane sine nettsider og at dei aktuelle dokumenta er tilgjengelege der. Vi ser det også som viktig at melding om kunngjering og dokumenta er tilgjengelege på nettsidene til kommunen i heile merknads- og høyringsperioden, og at høyringsperioden er samanhengande. Vi gjer allereie no merksam på at vi ikkje kan sjå at det er i samsvar med krava i plan- og bygningslova eller i forvaltningslova å splitte opp høyringsperioden i fleire tidsbolkar, slik som kommunen stiller spørsmål om. Vi meiner også at ein slik høyringsperiode framleis bør vere sju veker og tilrår det.

Askøy kommune har heller ikkje sendt varsel om oppstart og høyring av planprogram til Fylkesmannen i Vestland. Det som Meland kommune sendte ut den 17.06.2019, og som vi forstår at Askøy viser til, var berre varsel om oppstart av og planprogram for kommunedelplanen for og innan Meland kommune, sjå nedanfor. Vi finn ikkje at det er sendt til statlege og regionale mynde varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram for Askøy og tidlegare Lindås og Radøy kommunar. Fylkesmannen i Vestland har derfor ikkje fått uttalt seg til planoppstart og planprogram for Askøy kommune. Her kan vere særlege forhold som ikkje gjeld for Meland. For Askøy kommune



er kommunen sin planprosess til no i strid med medverknadsreglane i plan- og bygningslova §§ 5-1, 5-2 første ledd, 11-12 annet ledd og § 11-13 første ledd. Det går også klårt fram av lova at det er den einskilde kommune sitt ansvar å sørge for den varsling og høyring som følger av lova og som er ei minimumsordning. Dersom ein ikkje følgjer desse reglane, kan vi vanskeleg sjå at planprosessen vil vere gyldig. Det gjeld også om kommunen skulle sjå planprosessen som eit interkommunalt plansamarbeid, jf. lova § 9-3 første ledd.

Fylkesmannen tilrår Askøy kommune sterkt å varsle oppstart og kunngjering av planarbeidet og planprogrammet på nytt på ordinær måte både i avis og elektronisk på sine nettsider med ordinær høyringsfrist.

I alle tilfelle må Askøy kommune sende varsel om oppstart av planarbeidet og høyring av planprogrammet til Fylkesmannen i Vestland og andre statlege og regionale mynde på ordinær måte. Fylkesmannen ber for vår del om uttalefrist på sju veker.

Vi viser også til at oppstart av planarbeid og planprogrammet må eventuelt varslast og sendast på høyring for tidlegare Lindås og Radøy kommunar i no Alver kommune, sjå nedanfor.

Handsaming av varsel om oppstart av kommunedelplanen og planprogrammet for Alver kommune. Askøy kommune har i e-post den 09.03.2020 uttalt at kommunen sitt varsel om oppstart av kommunedelplanen Samband Vest no berre gjeld for Askøy kommune. For planarbeidet i Alver kommune, tidlegare Meland, Lindås og Radøy kommunar, skal det ha vore varsla tidlegare.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er riktig. Vi har i alle tilfelle ikkje motteke slikt varsel eller melding.

Meland kommune sendte med brev av den 17.06.2019 til høyring planprogrammet for kommunedelplan Sambandet Vest i Meland kommune. Vi presiserer for ordens skuld at det er sendt ut som kommunedelplan for Meland kommune, der det også er vist til vedtaket i Meland formannskap. Det er ikkje sendt ut på vegner av andre sjølvstendige kommunar som dåverande Lindås og Radøy kommunar eller Askøy kommune.

Fylkesmannen i Vestland gav høyringsuttale i brev av 18.09.2019, der det også går fram at det er ei uttale for kommunedelplanen i Meland kommune, m.a. nemnd som «for kommunedelplan for Samband Vest i Meland kommune».

Vi forstår det også i dag slik at den einskilde kommunen i prosjektet sjølv skal sjå til varsling og høyring av og nødvendige vedtak for kommunedelplanen som gjeld Samband Vest innan kommunen. Det går fram av høyringsutkastet av juni 2019 at kvar einskild kommune skal gjer eigne vedtak – og då også eigne planprosessar. Det synest også å vere grunnlaget for at Askøy kommune varsler oppstart av kommunedelplanen innan Askøy, sjå ovanfor.

Vi presiserer at vi ikkje kan sjå eller legge til grunn at det er varsla oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram for eventuell kommunedelplan for dei områda i Alver kommune som høyrde til tidlegare Lindås og Radøy kommunar. Fylkesmannen i Vestland har ikkje fått uttalt seg til det. Vi har derfor heller ikkje vurdert om det er særlege forhold som gjeld for prosjektet i tidlegare Lindås og Radøy.

Dersom Samband Vest skal omfatte areal innan tidlegare Lindås eller Radøy kommune, må oppstart av planarbeidet for det varslast og høyrast på vanleg måte og med ordinære høyringsfristar. Vi rår i



det tilfellet også Alver kommune til å vurdere å handsame planarbeidet for heile Alver kommune med ei sams planprosess, eventuelt også med ny høyring for heile Samband Vest innan kommunen.

Vi viser til at også Askøy kommune må varsle oppstart og høyring av planprogrammet på nytt no.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ

Kopi: Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen